

**Uskedelinger med god innsats**

27.12.2013

**Lag med Uskedalsinnslag gjorde ein sterk innsats under Romjulscupen i Husneshallen opplysar cupsjef Rolf Vidar Hansen. Veni Vici kom heilt til finalen der dei tapte 0-3 for Victorious Secret og Bossano Virtus vann bronsefinalen med med 2-1 over Sandvoll Flyers. Vinnarlaget er frå Husnes og Sunde.**

**Første kampdag sigra Bossano Virtus i si gruppe med 3 poengs margin til nummer 2. Veni Vici vart i åttandedelsfinalen sett opp mot eit anna lag med Uskedalsinnslag som heitte Kollektivet og vann 1-0.**

Bossano Virtus vann til gjengjeld 1-0 over Multiple Scoregasm i åttendedelsfinalen sin og gjekk dermed vidare til kvartfinalen der dei vann 2-0 over Rudlen Vel.

Veni Vici vann her 4-3 over Lada Togliatti etter ekstraomgangar. I semifinalen vart det 3-2 til Victorious Secret over Bossano Virtus etter straffar.

Av Ola Matti Mathisen